



HORNINDAL KOMMUNE

ORDFØRAREN

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Hovudutvalet for samferdsle
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
13/618-8/144 / /ABØN

Dykkar ref.

Dato:
15.09.2014

Fylkesveg 60 Tomasgard - Røyhus bru

Vedr. Fullføring av reguleringsplanarbeidet.

Hornindal kommune viser til synfaringa og møtet som Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane hadde i Hornindal den 18. august d.å. om Fv 60.

Då kom det igjen fram at det hastar å få fullført reguleringsplanarbeidet, sjølv om investeringa ikkje er prioritert for gjennomføring i gjeldande handlingsprogram.

Hornindal kommune ser det som svært viktig at denne strekninga har ein godkjent reguleringsplan dersom det kjem ekstra investeringsmidlar anten det vere som fylkesveg, riksveg eller vedlikehald.

Som fylkeskommunen kjenner til har Hornindal kommune tidlegare signalisert vilje til å kunne forskottere planarbeid og vi ynskjer ei formell tilbakemelding frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på dette.

Det er ikkje berre for næringslivet og Hornindal kommune at dette er ei svært viktig sak, også Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal tok opp denne saka i sitt møte den 2. september d.å og gjorde slikt samrøystes vedtak:

«1. Samferdselsutvalet ber om at det blir tatt eit initiativ til eit dialogmøte med Sogn og Fjordane fylkeskommune om tilhøva på fv 60.

2. Samferdselsutvalget ber fylkesrådmannen invitere Sogn og Fjordane fylkeskommune til eit samarbeid om det vidare reguleringsplanarbeidet på strekninga på Fv60 Grodås- Tronstad.

3. Samferdselsutvalet ber om ei eiga sak ang mulig omklassifisering av aktuelle fylkesvegar i Møre og Romsdal. Det skal i saka vurderast fordelar og ulemper for fylkeskommunen.»

Eg ber om at brevet vert lagt fram som orienteringssak i Hovudutval for samferdsle den 23. september, og krev rask tilbakemelding.

Med helsing

Anne-Britt Øen Nygård/s
Ordfører
(elektronisk signatur)

| | | | | |
|-------------------------------|----------------|-----------------|-----------------|---------------------------|
| Postadresse | Telefon | Bankgiro | Org. nr. | E-post |
| Postboks 24 6761 Hornindal | 57 87 98 00 | 3820.07.00144 | 835 095 762 | post@hornindal.kommune.no |